



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

| | | |
|--------------------|-----------------------------------|--|
| Møte/utval: | Strategisk samarbeidsutval | |
| Møteleiar: | Tanja Thalén/ | |
| Referent: | Karethe Kristoffersen Aam | |
| Møtenummer: | 4/2024 | |
| Dato: | 11.09.24 | |
| Tid: | 09.30 – 15.30 | |
| Stad: | Vestnes | |

Vara medlemmar møter berre ved særskilt innkalling.

| Namn | Tittel | Møtt |
|--------------------------------------|--|-------------|
| LSU Volda | | |
| Ottar Røyset | Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune | |
| Siv Jensen, nestleiar SSU | Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus | |
| LSU Ålesund | | |
| Synnøve Vasstrand Synnes | Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune | |
| Jørn Åge Longva | Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus | |
| LSU Molde | | |
| Tanja Thalén, <i>Leiar SSU</i> | Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune | |
| Trude Solenes | Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus | |
| LSU Kristiansund | | |
| Geir Nilsen | Nestleiar LSU Kristiansund, einingsleiar Aure | |
| Gudrun Karlsen | Leiar LSU Kristiansund, prosjektleiar DMS Kristiansund | |
| Brukrepresentant kommune | | |
| Helge Hansen | PROFO (Prostatakreftforeininga) | |
| Brukrepresentant helseføretak | | |
| Paula Næss Skår | Leiar Brukarutvalet HMR | |
| Fastlege/PK | | |
| Stian Endresen | Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR | Forfall |
| Thilde Svela, fast vara | Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent | |
| Observatør Statsforvaltaren | | |
| Karin Müller Mikaelsen | Leiar helse og omsorg. Statsforvaltaren. | |
| Felles samarbeidssekretariat | | |
| Eli Otterlei | Nestleiar Felles samarbeidssekretariat Samhandlingssjef HMR | |



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

| | | |
|---|---|--|
| Karethe K. Aam | Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF | |
| | Nordmøre IPR | |
| | Romsdal IPR | |
| Bodil Haugen Våge | Leiar Felles samarbeidssekretariat Kommunalt sekretariat (Sunnmøre Regionråd) Rådgjevar Helse Ålesund kommune | |
| Oddvar Marøy | Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og "7 stjerna" | |
| Stian Endresen | Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune | |
| Gjest: Hanne Haavde Stenseth og rådgjevar | Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal | |

Sakliste

| Sak nr. | Sak | Tidsplan | Ansvarleg |
|---------|---|--------------|---------------------------|
| 23/24 | Velkomne! Godkjenning av innkallinga. Innmelding av eventuelt saker. Godkjenning av referat frå sist møte, du finn det HER | 0930-0940 | Tanja Thalén |
| 24/24 | Informasjons- og vedtakssak: Oppdrag frå Partnarskapsmøte <u>Sak 6/24 Partnerskapsmøte 13.06.24</u> Syner til framlegg frå borda og <i>Vedtak nr 2: Partnarskapsmøte ber SSU ta innspel til felles utviklingsretning og innsatsområde i Helsefellesskap M&R vidare i sitt arbeid.</i> Dialog og innspel. | 0940-1010 | Karethe Kristoffersen Aam |
| 25/24 | Rekrutterings- og samhandlingstilskotet - Kva finst av nasjonale føringar, kriteriar og vilkår? Saka vert ettersendt eller lagt fram direkte i møtet. Dialog og innspel | 1010-1040 | Eli Otterlei |
| | Pause | 1040-1050 | |
| 26/24 | Informasjons- og vedtakssak: Gjennomgang oppdatert Felles handlingsplan. | ca 1050-1130 | Bodil Haugen Våge |



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

| | | | |
|-------|--|----------------------|--|
| | Ref. Oppfølging Sak frå SSU 20/24 frå 12.06.24 Vedtak 2. SSU ber leiar for kvart FSU oppdatere gjeldande handlingsplan innan 11.09.2024, herunder status for kvart tiltak, i form av triagering med fargekodar. Dialog og innspel Felles handlingsplan vert ettersendt. | | |
| | LUNSJ | 1130-1215 | |
| 27/24 | Gruppearbeid - Vidare prosess. Oppfølging Sak frå SSU 20/24 frå 12.06.24 Vedtak 1. SSU sitt arbeid med plan for evaluering og oppdatering av vedtatt felles handlingsplan vert kontinuert i møte 11.09.2024. SSU skal då ta stilling til: <ul style="list-style-type: none">• Korleis FSU skal velje ut og spisse tiltak til felles handlingsplan• Kriterier for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot• Ansvar for revisjon av handlingsplanar• Metodikk og gjennomføring av statusrapportering | 1215-1315 1,0time | Leiar for SSU, Tanja Thalén, innleier. |
| | Pause | 1315-1330 | |
| 28/24 | Informasjonssak: Oppfølging av sak 19/24: Årsrapport samhandlingsavvik 2023 - meldekultur. <ul style="list-style-type: none">- Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal si rolle og erfaring frå saker som omhandlar samhandling mellom dei to helsetenestenivåa. Dialog og erfaringsutveksling | 1330-1415 | Hanne Haavde Stenseth |
| | Pause | 1415-1430 | |
| 29/24 | Orienteringssak: Akuttmedisinsk utviklingsplan for Helse Midt-Norge v/prosjektleiar <ul style="list-style-type: none">- Følgast opp i drøftingssak i neste SSU møte 16.10.24. | 1430-1500 | Håkon Gammelseter deltek på Teams |
| 30/24 | Faste saker: 1. Innmelde saker | 1500-1600 | Runa Bakke deltek på Teams |



Innkalling og sakliste

| | | | |
|-------|---|--|--------------|
| | Sak frå Fagleg samarbeidsutval for rehabilitering. v/ Runa Bakke | | |
| 31/24 | Møter 2025 - planlegging | | Tanja Thalén |
| | Saker til neste SSU(Teams), 16.10.24 Takk for møtet! | | Tanja Thalén |



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

Saksframlegg

| Utval | Møtedato | Saksnr | Saksbeandler/utval |
|-------|----------|--------|--|
| SSU | 11.09.24 | 24/24 | Karethe K Aam/Felles samarbeidssekretariat |

Oppfølgingssak frå PM 13/06.24, sak 6/24:

Vedtak nr 2: *Partnarskapsmøte ber SSU ta innspel til felles utviklingsretning og innsatsområde i Helsefellesskap M&R vidare i sitt arbeid.*

Forslag til vedtak:

1. SSU gir dei faglege utvala [Skrøpelege eldre og multisjuke](#) og [Psykisk helse og rus](#) i oppdrag å utvikle eit pasientforløp kvar, retta mot eigne prioriterte grupper.
2. SSU oppmodar fagutvala til å vurdere om arbeidet/prosjektet med utvikling av pasientforløp kan eigne seg for søknad om rekrutterings- og samhandlingstilskot.
3. Utvala skal legge fram ei skisse for pasientforløpet dei ønsker å utvikle, samt ein framdriftsplan i neste møte i SSU 16.10.24

Saksutgreiing

Bakgrunn og formål:

I møtet 13.06.24 vart Partnarskapsmøtet (PM) oppmoda til å kome med forslag til innsatsområde i Helsefellesskap Møre og Romsdal med det formål å utvikle vår felles helseteneste.

Forsamlinga vart inndelt i grupper etter eit innlegg frå avdelingsdirektør i Spesialisthelsetenensteavdelinga i HOD, Fredrik A.S.R. Hanssen, som snakka om føringane i nasjonal helse og samhandlingsplan.

Saksopplysningar

Følgande forslag var lagt fram som mogelege innsatsområde:

- Felles kommunikasjonsstrategi i forhold til forventningar om helsetenester i befolkninga i Møre og Romsdal
- Kommunikasjonsstrategi for felles omdømme for å rekruttere helsepersonell i og til fylket, marknadsføre kor bra det er å jobbe både i kommune og helseføretak.
- Når det gjeld kommunikasjon og omdømme bør fleire ordførarar delta i PM i helsefellesskapet - for å styrke dialogen og skape felles røyndomsforståing.
- Viktig med tillit mellom helseføretak og kommunar
- Økonomi og tilstrekkeleg personell er den store utfordringa for god samhandling
- Auke lønn for dei med lågast løn
- Dyrke døme på gode pasientforløp
- Felles utdanning av leiarar i kommunar og helseføretak i å handtere samhandling
- Nye pasientforlaup- utfordre dei faglige utvala om å utvikle eit pasientforløp kvar?
- Utvikle kvalitetsindikatorar på pasientforlaup og tenesteutvikling
- Eitt forvaltningsnivå hadde vore spanande.



Innkalling og sakliste

Viser til vedtak i sak 6/24 punkt 2 i PM:

2. Partnarskapsmøte ber SSU ta med innspel til felles utviklingsretning og innsatsområde i Helsefellesskap M&R vidare i sitt arbeid.

Vurdering

Eit av forslaga til innsatsområde frå PM er at alle fagutvala skal utvikle eit pasientforløp kvar. Hovudformålet med [helsefellesskap^{\[1\]}](#) er å skape meir samanhengande og berekraftige helse og omsorgstenester. Arbeidet skal vere særleg orientert om å skape gode tenester for prioriterte pasientar med store og samansette behov som treng heilskaplege og samanhengande tenester, med trygge overgangar både internt og mellom tenestenivåa.

Så langt er det berre fagleg utval for barn og unge som har utvikla [7 pasientforløp](#) etter modell frå Helse Fonna. Fagleg utval for psykisk helse og rus fekk tidlegare eit oppdrag om å utvikle eit pasientforløp for samhandling rundt alvorleg psykisk sjuke pasientar med valdsproblematikk. Dette arbeidet er i gang, men så langt ikkje slutført.

Tilråding/konklusjon

Forslag til vedtak:

1. SSU gir dei faglege utvala [Skrøpelege eldre og multisjuke](#) og [Psykisk helse og rus](#) i oppdrag å utvikle eit pasientforløp kvar, retta mot eigne prioriterte grupper.
2. SSU oppmodar fagutvala til å vurdere om arbeidet/prosjektet med utvikling av pasientforløp kan eigne seg for søknad om rekrutterings- og samhandlingstilskot.
3. Utvala skal legge fram ei skisse for pasientforløpet dei ønsker å utvikle, samt ein framdriftsplan i neste møte i SSU 16.10.24

^[1][avtale-mellan-regjeringen-og-ks-om-videreutvikling-av-helsefellesskapene-for-en-mer-sammenhengende-helse-og-omsorgstjeneste.pdf](#)



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

Saksframlegg

| Utvale | Møtedato | Saksnr | Saksbeandler/utval |
|--------|----------|--------|--------------------|
| SSU | 11.09.24 | 26/24 | Bodil Haugen Våge |

Sakstittel: Felles handlingsplan

Forslag til vedtak:

1. Felles handlingsplan for Helsefellesskap M&R er oppdatert pr 11.09.24.
2. SSU godkjenner at *Fagleg samarbeidsutval for Kunnskapsoverføring, forsking og utdanning, samt praksiskonsulentordninga innstiller sin aktivitet inntil ny samarbeidsavtale føreligg om korleis ansvar og oppgåver knytt til Delavtale 2 skal forvaltas i Helsefellesskap Møre og Romsdal.*

Saksutgreiing

Ref. Oppfølging Sak frå SSU 20/24 frå 12.06.24

Vedtak 2.

SSU ber leiar for kvart FSU oppdatere gjeldande handlingsplan innan 11.09.2024, herunder status for kvart tiltak, i form av triagering med fargekodar.

Bakgrunn og formål

Helsefellesskap M&R har 12 faglege samarbeidsutval pr 2024.

Alle fagutval har fått beskjed om å oppdatere Felles handlingsplan innan 01.09.24 for 2024.

Felles handlingsplan med oppdateringar er vedlagt innkallinga.

- Desse fagutvala har ikkje gjort oppdatering av Felles handlingsplan:

Fagleg samarbeidsutval for

- barn og unge
- Psykisk helsevern og rus
- Voksenhabilitering
- Digitale helsetenester og e-helse
- Helseberedskap

Det er ikkje kartlagt kvifor ikkje.

- Desse fagutvala har oppdatert Felles handlingsplan:

Fagleg samarbeidsutval for

- Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg
- Samarbeid om helsefremmende og forebyggende helsearbeid
- Multisjuke, stormottakar og palliasjon
- akuttmedisinsk kjede
- rehabilitering
- Behandlarsamarbeid



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

- Kunnskapsoverføring, forsking og utdanning, samt praksiskonsulentordninga KFUPk har oppdatert Felles handlingsplan, men det er ikkje planlagt ytterlegare aktivitet i utvalet utover dei kartleggingane og tiltaka som er gjennomført.

Grunngjeving for at Fagleg samarbeidsutval for KFUPk ikkje har planlagt ytterlegare aktivitet:

Utvalet har ifrå medio 2024 innstilt møteaktivitet og planarbeid av fleire grunnar:

- 1. Dette er gjort etter ei grundig kartlegging av oppgåvene som fyl av mandatet i Delavtale 2.** Ein ser at det er for mange andre aktørar som arbeider med dei same oppgåvene og ein har lite mulighet for å prioritere mål og tiltak i fyl mandatet. Dette har utvalet gitt tilbakemelding på i samband med revisjon av Samarbeidsavtalen.
Til dømes:
 - Fleire av dei faglege samarbeidsutvala arbeider med fagdagar og kompetanseheving/overføring innafor sine spesialområde og dette er også slik fagutvalet anbefaler at dette vert handtert.
 - Når det gjeld forsking, utdanning og innovasjon har ein til dømes: [Samarbeidsorganet i Møre og Romsdal - Helse Møre og Romsdal \(helse-mr.no\)](#) som har ein rådgjevande funksjon i saker innan forsking, utdanning og innovasjon. Det er imidlertid lite representasjon frå kommunane i fylket og utvalet har gitt innspel på dette.
 - Det finst eigen [Fylkesstrategi for Forskings- og innovasjonsstrategi](#) for Møre og Romsdal fylke når det gjeld næringsutvikling, men foreløpig utan at helse og omsorg er nemt, men fylket har likevel engasjert seg litt i utlysingane frå forskingsrådet når det gjeld ny utlysing av midlar frå Forskingsrådet [Forskning og innovasjon for å styrke bærekraften i kommunale helse- og omsorgstjenester \(forskningsradet.no\)](#)
 - Når det gjeld rekruttering finst det [Samarbeid om rekruttering til Møre og Romsdal - Kristiansund og Nordmøre Næringsforening \(knn.no\)](#) Kristiansund og Nordmøre Næringsforum, Molde Næringsforum og Næringsforeningen for Ålesundsregionen samarbeider allerede om Bli med hjem-arrangementene i Oslo og Trondheim, der bedrifter fra hele fylket deltar for å rekruttere utflyttede nordmøringer, romsdalinger og sunnmøringer tilbake til regionen.
 - Når det gjeld utdanning: Det finst fleire opplæringskontor i fylket, til dømes Sunnmøre kommunale opplæringskontor [SKO - Forside \(skoplering.no\)](#) som ivaretok lærlingeordningane innan helse og omsorgsfag, samt i regi av fylket [Lærling, lærekandidat og praksisbrevkandidat - Møre og Romsdal fylkeskommune \(mr.fylke.no\)](#)
- 2. Ang delavtale 2 og Praksiskonsulentordninga:**
Det er vanskeleg for utvalet å jobbe med handlingsplan/mål og tiltak for Praksiskonsulentordninga, tilsvarande 1,3 stilling, som har eigen leiar og er underlagt Samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal.
Det er utarbeidd ny avtale mellom dei fire regionale helseføretaka i Norge og Legeforeninga om funksjonen som no heiter Samhandlingslege. KS er ikkje involvert i denne avtalen på vegne av kommunane i Norge.



Innkalling og sakliste

Dei har eiga nettside [Praksiskonsulentordninga skiftar namn til Samarbeidsordning for spesialisthelsetenesta og fastlegane - Helse Møre og Romsdal \(helse-mr.no\)](#)

Kommunane i Møre og Romsdal betaler halvparten av kostnadane til ordninga til Helse Møre og Romsdal fordi det står i Samarbeidsavtalen mellom kommunane i fylket og Helse Møre og Romsdal. Til dømes er Praksiskonsulent si deltaking i møter i SSU og Partnerskapsmøte og Fagleg samarbeidsutval for behandlarar i helsefellesskapet finansiert gjennom ordninga.

3. I tillegg har de vore stort forfall i utvalet.

Vurdering

Konsekvensar

Tilråding/konklusjon

1. Ein bør vurdere å godkjenne planar og tiltak i Felles handlingsplan slik den føreligg 11.09.24 med ei endringane som no er gjort.
2. Ein bør vurdere å godkjenne at *Fagleg samarbeidsutval for Kunnskapsoverføring, forsking og utdanning, samt praksiskonsulentordninga innstiller sin aktivitet inntil ny samarbeidsavtale føreligg om korleis ansvar og oppgåver knytt til Delavtale 2 skal forvaltast i Helsefellesskap Møre og Romsdal.*



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

Saksframlegg

| Utval | Møtedato | Saksnr | Saksbehandlar/utval |
|-------|------------|--------|---------------------|
| SSU | 11.09.2024 | 27/24 | Oddvar Marøy |

Sakstittel:

Oppfølging SSU-sak 20/24

Forslag til vedtak: Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Saksutgreiing

| | |
|-------|--|
| 27/24 | <p>Gruppearbeid - Vidare prosess. Oppfølging Sak frå SSU 20/24 frå 12.06.24</p> <p><i>Vedtak 1.</i></p> <p><i>SSU sitt arbeid med plan for evaluering og oppdatering av vedtatt felles handlingsplan vert kontinuert i møte 11.09.2024.</i></p> <p><i>SSU skal då ta stilling til:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Korleis FSU skal velje ut og spisse tiltak til felles handlingsplan</i> • <i>Kriterier for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot</i> • <i>Ansvar for revisjon av handlingsplanar</i> • <i>Metodikk og gjennomføring av statusrapportering</i> |
|-------|--|

20/24 Felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal

SSU si behandling av sak 20/24 12.06.24

Behandling

Det har vore gjort eit arbeid for å samle dei 12 faglege handlingsplanane til ein felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal.

Vidare oppfølging av felles handlingsplan vart drøfta.

Leiar og nestleiar i SSU, Tanja Thalèn og Siv Jensen, innleidde på saka etterfylgt av gruppearbeid på følgande spørsmål:

- Korleis kan FSU velje ut og spisse tiltak i handlingsplanane sine?
- Kva for kriterier meiner vi er dei rette for tildeling av rekrutterings og samhandlingstilskot?
- Kven skal ha ansvar for revisjon av felles handlingsplan?
- Korleis skal statusrapportering av FSU sine handlingsplanar gå føre?

Vedtak

1. SSU sitt arbeid med plan for evaluering og oppdatering av vedtatt felles handlingsplan vert kontinuert i møte 11.09.2024. SSU skal då ta stilling til:

- Korleis FSU skal velje ut og spisse tiltak til felles handlingsplan
- Kriterier for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot

Helsefellesskap Møre og Romsdal



Innkalling og sakliste

- Ansvar for revisjon av handlingsplanar
 - Metodikk og gjennomføring av statusrapportering
2. SSU ber leiar for kvart FSU oppdatere gjeldande handlingsplan innan 11.09.2024, herunder status for kvart tiltak, i form av triagering med fargekodar.

Bakgrunn og formål

Saksopplysningar

Vurdering

Konsekvensar

Tilråding/konklusjon

Saksframlegg

| Utval | Møtedato | Saksnr | Saksbehandlar/utval |
|-------|----------|--------|---------------------------------------|
| SSU | 11.09.24 | 28/24 | Hanne Haavde Stenseth Eli Otterlei |

Sakstittel: Oppfølging av sak 19/24 Årsrapport samhandlingsavvik 2023 - meldekultur

Forslag til vedtak:

1. SSU tek orienteringa frå Pasient og brukarombodet til vitande.
2. SSU vil følge opp sak 19/24 med tiltak for å betre meldekultur i HF og kommuner ytterlegare gjennom drøfting og innspel frå LSU'ane i møte 16.oktober 2024.

Saksutgreiing

Bakgrunn og formål

I SSU møtet 12.6 i sak 19/24 om Årsrapport samhandlingsavvik 2023 vart det fatta følgande vedtak:

1. SSU tek årsrapport for samhandlingsavvik 2023 til vitande.
2. SSU ber LSU om innspel til tiltak for å betre meldekultur i HF og kommunar

Saksopplysningar

Denne saka rettar seg mot punkt 2 i vedtaket.



Innkalling og sakliste

Grunna at alle LSU'ane per no ikkje har gjennomført møte sidan SSU møte i juni, vert denne saka å ta vidare i SSU møte 16.oktober. Vi veit at det er underrapportering i å melde samhandlingsavvik både frå kommunane si side, inkludert fastlegane og frå helseføretaket. Dette ønsker SSU at vi skal betre i vårt Helsefellesskap.

For å sikre brukarperspektivet i saker der samhandlinga og etterleving av samarbeidsavtalen sviktar, vil Pasient- og brukerombudet i Møre og Romsdal i dette møtet, dele eksempel på saker som omhandler manglande samhandling mellom dei to helsetenestenivåa. Å sette fokus på konkrete saker, er med på å synleggjere viktigeita av ein open og god meldekultur for samhandlingsavvik som sikrar læring og forbetring der helsetenestene sviktar i høve å gi pasientane gode overgangar mellom tenestenivåa.

Dialog og erfaringsutveksling.

Saka vil bli fulgt opp med drøfting og innspel frå LSU'ane i neste SSU møte 16.oktober 2024.

Konsekvensar (økonomiske, faglege, miljømessige, andre)

Ukjent per no.

Tilråding/konklusjon

Forslag til vedtak:

1. SSU tek orienteringa frå Pasient og brukarombodet til vitande.
2. SSU vil følge opp sak 19/24 med tiltak for å betre meldekultur i HF og kommuner ytterlegare gjennom drøfting og innspel frå LSU'ane i møte 16.oktober 2024.



Innkalling og sakliste

Saksframlegg

| Utval | Møtedato | Saksnr | Saksbehandlar/utval |
|-------|----------|--------|-----------------------------------|
| SSU | 11.09.24 | 29/24 | Håkon Gammelsæter Eli Otterlei |

Sakstittel: Akuttmedisinsk utviklingsplan for Helse Midt-Norge

Forslag til vedtak: SSU tek orienteringa om Akuttmedisinsk utviklingsplan i SSU til vitande, og føreset vidare drøfting om planarbeidet og eventuell medverknad i SSU 16.oktober 2024.

Saksutgreiing

Bakgrunn og formål

Helsefellesskap Møre og Romsdal har, saman med dei andre helsefellesskapa i Midt Noreg, fått ein førespurnad frå prosjektleiar Håkon Gammelsæter med ønske om å gi ei orientering, og påfølgande drøfting, om Akuttmedisinsk utviklingsplan:

«Det vises til orientering om arbeidet med akuttmedisinsk utviklingsplan for Helse Midt-Norge ved to anledninger i regionalt samhandlingsnettverk. I tråd med dialogen i disse møtene ber vi med dette om å bli invitert til ASU/SSU i de respektive helsefellesskapene for å orientere om arbeidet og drøfte aktuelle samhandlingsformer for å sikre god dialog med og helt nødvendig medvirkning fra kommunehelsetjenesten i arbeidet. Det kan kanskje være hensiktsmessig å sette av inntil en time til formålet?»

Vi tenker at det er fornuftig med en repetisjon av bakrunnen for arbeidet, som presentert i samhandlingsnettverket. Den kan gjøres kort eller lang, avhengig av hvor mange som allerede er oppdatert på status (deltakelse i samhandlingsnettverket). Det viktigste er imidlertid å drøfte god forankring i kommunehelsetjenesten og representasjon fra kommunene i arbeidet, samt relevante fora/arenaer/kanaler for slik medvirkning. Det er også slik at vi har registrert den positive responsen arbeidet så langt er blitt mottatt med fra kommunal side. Vi har notert oss ønsket om et felles plandokument med ulike grader av forpliktende kommunal tilslutning. Som antydet i samhandlingsnettverket, er det ikke åpnet for det, i alle fall ikke på dette tidspunktet. Det oppfatter vi imidlertid ikke å være til hinder for ulike konkrete samhandlingsprosjekter som en del av oppfølgingen av denne strategiprosessen.»



Innkalling og sakliste

Saksopplysningar

Prosjektleiar Håkon Gammelsæter gir SSU ei orientering om Akuttmedisinsk utviklingsplan for Helse Midt-Noreg. Ved at SSU først får planarbeidet og bakgrunnen for denne presentert, kan ein betre førebu seg til drøfting og dialog før saka igjen kjem opp i neste SSU møte 16.oktober.

I SSU møtet 16.oktober, vert det lagt opp til drøfting av aktuelle samhandlingsformer for å sikre god dialog og naudsnyt medverknad frå kommunehelsetenesta i Akuttmedisinsk utviklingsplan. Som Gammelsæter skriv, er det viktigste å drøfte god forankring i kommunehelsetenesta og sikre representasjon frå kommunane i arbeidet, samt relevante fora/arena/kanalar for slik medverknad. Han uttrykker at dei har registrert positiv respons på arbeidet så langt frå kommunal side, og vidare:

«Vi har notert oss ønsket om et felles plandokument med ulike grader av forpliktende kommunal tilslutning. Som antydet i samhandlingsnettverket, er det ikke åpnet for det, i alle fall ikke på dette tidspunktet. Det oppfatter vi imidlertid ikke å være til hinder for ulike konkrete samhandlingsprosjekter som en del av oppfølgingen av denne strategiprosessen».

Konsekvensar (økonomiske, faglege, miljømessige, andre)

Ukjent per no.

Tilråding/konklusjon

Forslag til vedtak:

SSU tek orienteringa om Akuttmedisinsk utviklingsplan i SSU til vitande, og føreset vidare drøfting om planarbeidet og eventuell medverknad i SSU 16.oktober 2024.



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

Saksframlegg

| Utval | Møtedato | Saksnr | Saksbehandler/utval |
|-------|----------|--------|---------------------|
| SSU | 11.09.24 | 30/24 | Bodil Haugen Våge |

Sakstittel: Innmelding av sak fra Fagleg samarbeidsutval for rehabilitering

Forslag til vedtak: SSU tek saka til orientering.

Saksutgreiing

Bakgrunn og formål

| | |
|---|---|
| Kven melder saka? | Faglig samarbeidsutvalg for rehabilitering v/Runa Bakke, leiar runa.bakke@orsta.kommune.no Tlf.: 91621147 |
| Melders dato og eventuelt internt saksnummer | 20.02.2024 |
| Bakgrunn for ønske om behandling og hastegrad | <p>I møte for Faglig samarbeidsutvalg for rehabilitering 05.11.23 ble handlingsplan gjennomgått og evaluert. Utvalget ønsker i 2024 å prioritere arbeid med koordinering, koordinerende enhet, barnekoordinator og individuell plan.</p> <p>Utvalget mener en styrking på dette feltet er en forutsetting for å oppnå samhandlingsreformens målsetning om helhetlige og gode behandlingsforløp. Sterkt forenklet kan en si at det er her det tverrfaglige- og tverrasektorelle samarbeidet (på individnivå) gis rammer og kvalitetssikres, mens pakkeforløpene mer beskriver hvem som gjør hva når). Det er behov for et kompetanseløft og (re)etablering av prosedyrer og rutiner.</p> <p>Vi vurderer at dette er et stort arbeid som overgår utvalgets kapasitet. Videre er dette et tema som går på tvers av de fleste fagutvalg og bør ha bredest mulig forankring. Et felles fylkeskommunalt prosjekt i regi av Helsefellesskapet vil kunne gi stor kraft og styrke til slikt arbeid.</p> <p>I forhold til arbeid med barn og unge bør slik satsing sees i sammenheng med <i>Barn og unges helsetjenester i Møre og Romsdal</i> og tjenesteinnovasjonsprosjektet <i>BTI/BTS</i> som ca. 20 kommuner i fylket er i gang med.</p> |



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

| | |
|---|---|
| | <p>Rammene for arbeid med koordinering, koordinerende enhet, barnekoordinator og individuell plan gis i forskrift om –, og i nasjonal veileder for-, <i>Rehabilitering, habilitering individuell plan og koordinator</i> og i nasjonal veileder om Samarbeid om tjenester til barn unge og deres familier.</p> <p>Faglig samarbeidsutvalg for rehabilitering ønsker med dette å oppfordre Strategisk samarbeidsutvalg til å vurdere om det er grunnlag for å initiere en bred satsing på forberings- og utviklingsarbeid for arbeid med koordinering, koordinerende enhet, barnekoordinator og individuell plan, og hvordan dette kan organiseres.</p> |
| Kan du sette fingeren på kva som gjer at det ikkje fungerer? | Pasienter og brukere med behov for sammensatte tjenester opplever svikt i koordinering av tjenestene mellom nivåene, innad i spesialisthelsetjenesten og innad i kommunene. |
| Kva for pasientgrupper blir ramma (døme)? | Alle pasientgrupper med behov for sammensatte og koordinerte tjenester |
| Kva for tenesteleverandørar er samhandlingspartar i dag? | Alle helse- og velferdstjenester, og i tillegg tenester knytt til opplæring |
| Vil endringsforslaget innebere behov for organisatorisk og/eller teknologisk endring? | <p>Forbedret praksis på området vil ikke innebære vesentlige organisatoriske endringer, men sørge for bedre oppfyllelse av retningslinjer gitt i lover, forskrifter og nasjonale veiledere.</p> <p>Kommunene benytter i dag ulike digitale verktøy/plattformer for arbeid med koordinering og individuell plan. Helseplattformen mangler funksjonalitet for dette. På sikt er det ønskelig med en felles løsning på tvers av kommuner og på tvers av nivå.</p> |
| Er saka eller liknande saker forsøkt løyst tidligare? | <ul style="list-style-type: none"> • Det er tidligere vært eget faglig samarbeidsutvalg for koordinerende enheter, individuell plan og koordinator, • Koordinatoropplæring i regi av enkeltkommuner |



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

| | |
|---|--|
| <p>Korleis ser du for deg at dette kan løysast /bli betre? Gevinstar og nytte</p> | <p>Vi ser for oss at det etableres et prosjekt for alle parter i Helsefellesskap Møre og Romsdal, at det vurderes andre samarbeidsparter som for eksempel høyskolemiljø (FoU) og/eller Statsforvalter</p> <p>En styrket fungering på dette området kan bidra til å fremme formålet med helefelleskap og vår samhandlingsavtale; <i>Samarbeidet skal sikre klar ansvarfordeling og god ressursutnyttelse på tvers av forvaltningsnivå. Samarbeidet bygger på likeverdighet og partnerskap. Et godt samarbeid forutsetter forankring hos partene. Målet er at pasienten skal oppleve at tjenestene:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <i>☒ er faglig forsvarlige, trygge og forutsigbare</i> <i>☒ er samordnede og sammenhengende</i> <i>☒ blir utformet etter involvering av pasienten</i> <p>Bedre sammenhengende og samordnede tjenester med klarere oppgavefordeling pekes på som viktige forbedringspunkt av mange, som for eksempel helsepersonellkommisjonen, i Opptrappingsplan for psykisk helse 2023-33, Fellesskap og mestring bu trygt heime (meld st 24 2022-2023) Tverrfaglig kompetanse og gode system for samhandling er viktig for å kunne realisere dette.</p> |
| <p>Økonomiske konsekvensar (kostnader, ressursbehov, økonomisk gevinst)</p> | <p>Prosjektet må finansieres. Gevinstene er vanskelig å tallfeste, men vil kunne bli svært stor både menneskelig og økonomisk</p> |
| <p>Referansar og dokumentasjon: Samarbeidsavtalens avtalepunkt Lovgjeving Offentlege og faglege utgreiingar og anbefalingar</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Forskrift om rehabilitering, rehabilitering og koordinator: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1256/KAPITTEL_3#%C2%A75 • https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/rehabilitering-habilitering-individuell-plan-og-koordinator • https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier/innledning-samarbeid-til-barns-best |

Saksopplysningar



Innkalling og sakliste

Vurdering

Det er behov for å beskrive kvar eller kven som ikkje har samanheng og samordna tenester.

Det er behov for ei beskriving av kva tiltak som skal settast i gang, korleis tiltaka skal organiserast og kva det trengst midlar til.

Det har over feire år vore satsa på etablering av koordinerande einingar både i sjukehus og kommunar, samt opplæring i regi av Statsforvaltaren. Det er behov for å beskrive kva som ikkje fungerer.

Barnekoordinatorrolla er forankra i forskrift.

Den digitale verktykassa finst – det er opp til den enkelte å velge si plattform.

Konsekvensar

Tilråding/konklusjon